

ÅRSMØTE

HJELMELAND TURLAG

04.02.22 kl. 1900 på Spinneriet

Sakliste årsmøte:

Godkjenne innkalling og sakliste

Val av møteleder og referent

Årsmelding 2021 m/økonomi inkl. Sankefestivalen

Info frå Stavanger Turistforening

Innkommne saker

Val

Takkegaver til våre lokale medhjelpere mfl. 2021

Turprogrammet for 2022



Ekspedisjonsjenta Amy Mir – ekspedisjon og mat

Møtet er ope for alle, både medlemmer og ikkje-medlemmer.
Møtet blir òg lagt ut digitalt. Link blir lagt ut på vår Facebookside

På Spinneriet maks 30 stk: [Påmelding](#)

Styret
Hjelmeland Turlag

ÅRSMELDING 2021, HJELMELAND TURLAG

2021 blei nok eit spesielt år med koronarestriksjonar, påmeldingskrav, avgrensa tal deltakarar, avstandsreglar og andre smitteverntiltak. Generelle reglar frå helsemyndigheiter og smitteverntiltak frå DNT har vore del av drifta i turlaget dette året òg. Likevel var 2021 fylt av kjekke arrangement og flotte turar, og ingen av våre aktivitetar blei avlyst som følgje av korona. Me har tilpassa drifta etter situasjonen.

20ÅRS-JUBILEUM

Me var 20 år i 2021 og dette har me feira på fleire vis òg saman med andre jubilarantar:

Vigatunet 200 år: I år starta me eit samarbeid med Ryfylkemuseet v/ Nils Viga Hausken i høve Vigatunet sitt 200-årsjubileum. Me samarbeidde om rydding og merking av to turstiar ut frå Vigatunet; ei rute sørover mot Borgaråsen og ei rute nordover til tørke- og kvernhus. Begge stiane blei offisiell opna ved kvart sitt arrangement: «jubileumstur» med historieformidling og påfølgjande tilstelling inne i Vigatunet med musikk, servering mm



Hagelaget 40 år: I tillegg feira me vårt 20 års jubileum saman med Hjelmeland Hagelag sitt 40 års jubileum på Sankefestivalen. Me delte ut kakestykkje frå to store marsipankaker ute på Sanketorget i Hjelmelandsvågen. Eit stort fødselsdagsselskap 😊

Dugnadspris 2020 til Svanhild Hjorteland Gbada

STF hadde digitalt årsmøte 8.4.2021. På årsmøtet delte dei ut dugnadsprisen både for 2021 og 2020. Leiaren vår Svanhild Hjorteland Gbada fekk dugnadsprisen 2020! Me andre i styret i Hjelmeland Turlag er stolte av leiaren vår og gratulerer. STF skreiv: «Svanhild Hjorteland Gbada viser en fantastisk innsats for Stavanger Turistforening og i sitt lokalmiljø. Gjennom sitt styreverv i Hjelmeland Turlag er hun en klippe i sitt nærmiljø hvor hun jobber for et enkelt, naturbasert og inkluderende friluftsliv for alle. Hun viser et unikt engasjement for et enkelt og inkluderende friluftsliv i sitt lokalmiljø.»

«Små turperler i Hjelmeland»

Me gjentok Facebook-konkurransen frå 2020: me utfordra folk om å koma med tips om kjekke turar i nærrområda +foreslå kva organisasjon/lag som fortente pengepremien på kr 10 000,- til bruk til friluftrelaterte tiltak. Vinnaren i år blei forslag frå Jofrid Hia om turen til Sandsåsen. Ho foreslo at Hjelmeland Bygdaråd skulle få premien. Premien blei utdelt i samband med

Sankefestivalen 26.6. Ekstra kjekt at Hjelmeland Bygdaråd blei trekt ut som vinnar, sidan dei stilte mannsterke opp med dugnadsarbeid under Sankefestivalen.

Toalettbygg Bjødabu: Turlaget har driftsansvar for bygget. I 2021 har det dels vore stengt pga at lufterøyret var fylt med pukk(truleg hærverk). Luftinga er reparert av kommunen. Me har igjen starta reinhald i bygget, og toalettet er igjen i normal drift.

Gapahuk Bjødabu: Me hadde dugnad og beisa gapahuken 3.juni. Den har ikkje blitt beisa sidan den var ny i 2014.



Turpostar som Turlaget har ansvar for:

- * Gapahuk ved Ritlandskrateret: Styret et fadder.
- * Strenjatonå: 345 signeringar i 2021. Endre Nordbø og Åsmund Sirevåg er fadrar.
- * Skomakarnibbå: Ny i 2020, Jan Dagfinn Viken fadder. Ikkje premiering. Postkasse og bok forsvann tidleg i sesongen 2021, me har ikkje sett opp ny.
- * Hjelmen: Gunnulf Sande fadder. 1630 signeringar.
- * Jørmeland: Njål Hetlelid fadder.
- * Sandsåsen post 1: Kristin Kostøl Helgaland fadder ca. 400 signeringar.
- * Sandsåsen post 2: Njål Hetlelid fadder, 210 signeringar
- * Sandsåsen post 3: Ola Mjølhus fadder.

Tusen takk for innsatsen til fadrane våre og til Hjelmeland Sparebank som sponsar postane med postkasse, bok og premiar.

Adventskalender på Facebook:

Me hadde presentasjon av komande turar/kurs 2022, bilete frå turar 2021, presentasjon av styret i turlaget, nytt frå STF mm kvar dag i advent 1– 24. desember. Dette skapte aktivitet og engasjement på Facebooksida i ei elles roleg tid. Turtips er delt vidare og me har hatt mange følgjarar.

Lager

Turlaget har leigd lager i kjellaren i det gamle posthuset i Vågen i mange år. I oktober flytta me inn i nyinnreia lager hjå Gunnulf Sande. Me har brukt noko av «fondet» vårt til å få lageret tilpassa vår bruk, og har inngått 10 års leigeavtale. Me har og ein liten lagerplass i Frivilligsentralen for mindre ting som bør ligge tørt og temperert.

Frilager

Hjelmeland kommune inngjekk avtale med Frilager i mai. Utstyr frå Hjelmeland Turlag og Hjelmeland Frivilligsentral sin utstyrsbank er flytta til Frilageret. Nå kan ein bestille utstyr ein ønskjer eit par dagar i forkant og få det levert på Hjelmeland. Frivillige lag og organisasjonar og kommunen låner utstyret gratis. Andre leiger. Våre kanoar med årar/vestar er nå tilgjengeleg via Frilager i Steinslandsvatnet og i Hjelmelandsvågen i sommarsesongen. Turlaget hadde dugnad og rydda tilkomsten til utleigeplassen i Steinslandsvatnet 20. mai. www.frilager.no



Takk:

Hjelmeland Turlag har 315 medlemmer i 2021, takk for at du er medlem!

Me takkar dei som jobbar dugnad, har tilsyn og er hyttevertar i Viglesdal, og alle dei gode hjelparar og kjentfolka me har hatt med på turane/arrangementa våre.

Hjelmeland Turlag syns òg det både er nyttig og kjekt å samarbeide med andre lag mm som for eksempel, Hjelmelandsspeiderane, Hjelmeland Hagelag, Bygdaråda og Ryfylkemuseet! Me set òg stor pris på samarbeid med Frivilligsentralen og Kulturkontoret.

Alle våre samarbeidspartar og medarrangørar i samband med **Sankefestivalen** fortener mykje skryt og ein stor takk. Me hadde eit breitt samarbeid med fleire lag i planlegginga og gjennomføringa av Sankefestivalen 2021. Det hadde ikkje blitt nokon festival utan at Geir Ims kom med ideen, utan frivillige i komitéarbeid som har bygd vidare på ideen, fiskarar som kjem med fisk til oss, dei som har sankt og/eller laga noko som kan seljast på torget, kafévert, deltakarane osv. Takk òg til Hjelmeland kommune for lån av både uteområde og lokalar til kafé, kurs og føredrag i samband med Sankefestivalen, til STF for god hjelp på mange felt både i planlegging og gjennomføring, til Hjelmeland Bygdaråd som bla var aktive med rigging og rydding til festivalen og til Jøsneset Bygdaråd for samarbeid på tvers av fjorden.

STYRET 2021:

Svanhild Hjortland Gbada	2021/2022	leiar
Elisabeth Hausken Nessa	2021/2022	nestleiar, dugnadskoordinator Viglesdal
Anne Kari Skogerbø	2020/2021	sekretær/kasserar
Paul Øvrehus	2020/2021	styremedlem
Gunnulf Sande	2020/2021	materialforvaltar
Astrid Rosså	2020/2021	styremedlem
Nils Egil Hetland	2021/2022	styremedlem

Svanhild, Anne Kari, Paul, Gunnulf og dels Astrid har òg vore i Sankefestival-komiteen.

Valkomité:

Nils Egil Hetland som representant frå styret + Njål Hetlelid og Siv Iren Moen Hausken.

Styret har hatt 3 styremøte i 2021 i tillegg til fleire dugnadar med turløyper, gapahuk og lager. I tillegg mange avklaringar på telefon, Messenger mm undervegs. Heile styret fungerer som turkomité. Me deltok på kontaktforum for frivillige lag og organisasjonar i Hjelmeland i regi av Frivilligsentralen. Det har vore 5 møte for Sankefestivalen i løpet av 2021, både planlegging og evaluering 2021, og start planlegging 2022.

Me deltok ikkje på Frivilligtorg i Hjelmelandshallen i år. Planlagt samling for STF og dei lokale turlaga i januar vart avlyst. Elles fleire Teams-møte med STF/andre turlag. Me blei spurt om å vere med på haustmarken i Hjelmelandsvågen men då kunne me ikkje. Svanhild deltok på inkluderingsseminar i regi av STF på Gramstad.



VIGLESDAL

Me har drift, tilsyn og dugnad på 3 hytter i Viglesdalen. Mykje av tilsynet blir utført av hyttekoordinator Elisabeth. Ein stor takk til ho og andre som bidrar til drift av hyttene. Me har og tilsyn med merkinga av stien Nes-Viglesdal. Merkinga vart fornya i sommar. Også i sommar var det hyttevertar ein periode i Viglesdal, det har gjort behovet for ordinært tilsyn mindre. Vertane har tatt noko førefallande arbeid etter kvart. Dagsbesøk var lov ein periode, men mykje måtte bestillast på førehand.

ØKONOMI

Me er integrert i STF sitt rekneskap som eige prosjekt, og har difor ikkje eige rekneskap å leggje fram på årsmøtet (skjer via STF sitt årsmøte).

Den største posten i vårt rekneskap er **Sankefestivalen**.

Isolert sett gjekk festivalen med ca. kr 11 600,- i overskot. Overskotet skuldast mykje tilskot som både me og STF har skaffa til arrangementet. Me har mykje utgifter til kurshaldar og foredragshaldarar, men avgrensa tal deltakarar, og difor ikkje så høge «billetinntekter».

Den totale drifta av Turlaget har eit underskot på ca. kr 22 000,-. I år er det ikkje inntekter frå medlemskontingenten i STF rekna med, slik det har vore tidlegare år. STF har difor budsjettert med underskot i det lokale turlaget.

Andre postar frå rekneskapen:

- Turstiprosjekt i Vigatunet saman med Ryfylkemuseet, tilskot frå Frivilligfondet til grindar, merking, rydding mm av nye turstiar.
- Foredraget på årsmøtet vårt, Karen Malena Kylløsø utbetalt sponsormidlar til turen over Finnmarksvidda saman med bestefedrane i slutten av april.
- Oppgradering av lageret + 10års-leigeavgift: tatt av oppsparte midlar
- Premie til Hjelmeland Bygdaråd på kr 10 000 til friluftstiltak, tatt av oppsparte midlar.

MARKNADSFØRING/INFORMASJON

Hjelmeland Turlag har ikkje laga turfoldar i 2021. Me erfarte i 2020 at opplaget var altfor stort. Me ønska difor ein enklare variant og lagde eit oppsett med turprogrammet for 2021 på eit A4 ark, som me har kunngjort på Facebook, hengt opp på oppslagstavler og folk kan sjølv skrive det ut og ha oversikten hengande gjennom året.

Alle turane våre ligg på heimesida til Stavanger Turistforening. Elles har me informert om turar m/plakatar, nokon turar står i trykksakene til STF, og me har kunngjort programmet på Hjelmeland kommune si heimeside "kva skjer". Me har eiga Facebooksida der me informerer om turar, dugnad, og anna relevant informasjon. Dette er den viktigaste informasjonskanalen me har. Facebookadresse: www.facebook.com/HjelmelandTurlag, me har ca. 1680 følgjarar av sida. Heimesida vår er: www.stf.no/hjelmelandturlag E-postadresse: hjelmelandturlag@stf.no

TURAR/ARRANGEMENT 2021:

Me hadde 17 turar og arrangement på programmet i 2021 inkl. fleire som kom til undervegs. Kanskje ca. 1800 deltakarar totalt inkl. turar, festivalar og markadar. Veldig bra oppmøte på nokon turar/arrangement, få på andre turar.

Er folk skeptiske til fellesarrangement pga korona? Me har hatt krav om påmelding og avgrensa tal deltakarar til alle arrangement fram til 28.9. Er det mindre freistande med fellesturar nå enn før? Generelt sett er det stor turaktivitet. Folk går på tur på eiga hand når dei sjølv vil. Spesielt når det er merka og lagt til rette som for eksempel Kodejakta til Hjelmeland kommune.

Kom-deg-ut-dag – vinter 7. februar

Me «arrangerte» kunn digital kom-deg-ut-dag via FB med info frå STF. Instagram - premie trekt av STF, naturbingo kunne sendast lokallaga, me fekk svar frå ein deltakar, fekk premie.

Årsmøte 23. februar – på Teams

23 stk møtte. Vanlege årsmøtesaker, informasjon frå STF, takk til kjentfolk, trekning av premie turpost Ritlandskrateret og Hjelmen, val, takk til Siv Iren Moen Hausken som gjekk ut av styret, presentasjon av turprogram 2021. Karen Malena Kyllsø, «Friluftsjenta», hadde inspirasjons-innlegg om Turglede

Skitur Melands-Grønhei 10.-11. april

Svanhild og Astrid var oppsett som turleiarar. Fleire påmelde. Melding ca. midten av mars at alle overnattingsturar i 2021 blir avlyst til 1. mai. Difor vart turen avlyst, men Svanhild og Astrid «prøvegje» turen. Den er igjen på programmet i 2022.

Dugnadstur til Viglesdal 15.-17. april

Hyttekoordinatoren vår Elisabeth & Ole Bjørn+ 2 andre frå styret m/2 ungdomar, og 3 stk frå STF, totalt 10 stk var med. Koronasituasjon gjorde at ein måtte vere færre folk, og me avlyste ordinær dugnad med påmelding. Ved, gass og reine sengklær blei flydd opp med helikopter, og søppel, dotankar frå nye hytta og skittentøy i retur. Bytta solcellepanel på 91 hytta, nye batteri til nye hytta, rullering på andre batteri. Montert brannstige nye hytta og kjøkkenvifte.

Sjiddknatten og Nesvikheia rundt 9. mai

Svanhild turleiar. Kåre Nesvik og Rasin Tjeltveit kjentfolk. Innviing av benk, og testa ny bru kjøpt av pengar som Jøsneset Bygdaråd vann i fjor på konkurransen «små turperler i Hjelmeland». 6 stk på rundturen, + ca. 10 til på «opning» av benken.

Jubileumstur Vigatunet – Borgaråsen tysdag 8. juni

Nydeleg sommarkveld, 21 grader. Anne Kari og Paul turleiarar, Nils Viga Hausken guide. Jubileumstur HT 20 år, Vigatunet 200 år. 20 deltakarar + fleire frå Turlaget utanom turleiarane + musikantar og Grete Gauthun Olsen som steikte lappar og serverte kaffi i tunet, totalt 31 stk.

Sankefestivalen 26-27 juni

Dette var vårt største arrangement i 2021, og festivalen blei arrangert for 4.gong (2.gong med koronatiltak). Me er stolte av at me fekk det til i år og! Me meiner sjølv at Sankefestivalen i 2021 blei betre enn i 2020. Me hadde meir erfaring med å handtere restriksjonar, og befolkninga hadde meir vent seg til påmeldingar, restriksjonar, avstandskrav mm. Det var større breidde i tilboda på torget og i kursa mm. Takka vere STF lèt det seg gjennomføra med hjelp av system for påmeldingar, registreringar, smittevernreglar osv. Utan deira hjelp og system hadde det ikkje gått an.

Den store endringa i 2021 var at me flytta Sankefestivalen frå ca. 10 august til slutten av juni. Me fekk då eit anna innhald i festivalen. Her var bla andre vekstar og bær å sanke i naturen. Kurs, foredrag og bidrag til torg og konkurranse vart litt annleis enn dei me har hatt tidlegare. Betre tilpassa ferieavvikling. Positivt fokus på blommar og hage, og fint samarbeid med Hagelaget.

Sankefestival laurdag 26 juni: Me hadde mykje på programmet i år; Sanketorg, kafé,

føredrag, kurs og aktivitetar i Vågen laurdagen. Me delte òg i år laurdagen på to, slik at me kunne ha det som to arrangement med inntil 200 stk om gongen, dvs. inntil 400 deltakarar i løpet av dagen. Bortimot fullt første økt, dvs. ca. 200 + arrangørstab og torghandlarar, kurshaldarar mm. I den andre økta var det ca. 150. Me la til rette for spreing av folk m.a. ved båt over til Jøsneset, der det var eit «side-arrangement». Helgøyskyss gjekk att og fram med folk til ei økt føremiddag og ei ettermiddag, Hjelmelandsvågen – Skiftun kai. Det var òg mogleg å berre møte opp på Jøsneset. På Skiftun kunne ein handle i Krambua, padle kano, ha gardsbesøk hjå Silje Sværen mm.

Sankefestivalen søndag 27. juni

Då var det turar ut som stod på programmet. Ein nydeleg dag med lettskya fint vær og sol når turane starta. Varierte og kjekke turar med lokale bidrag:

- Fotosafari i Vigavågen-Vigatunet: 4 deltakarar + fotograf Hans Widerøe, turleiar Anne Kari.
- Hagevandring - Ola & Anne Kari Øygard Dale. Frukt/bær og grønsakproduksjon. 21 stk inkl. Anne får Hagelaget, 25 stk inkl. vertskapet.
- Hagevandring - Endre Nordbø, blomsterhage. Vel 20 stk + Endre, og Astrid Rosså turleiar.
- Hjelmen – natursafari. Framom Steinslandsvatnet – vidare til Hjelmen. 10 stk. Torborg Kleppa naturlos og Svanhild turleiar.

Nordraheia 4. juli

Avlyst. Gunnulf skulle vore turleiar og Oddvar Skiftun kjentmann.

Svartavatnet rundt– 22. august

Magne Leirflåt kjentmann, Anne Kari turleiar. I tillegg 5 turdeltakarar = 7 stk. Utsett frå 15.8 for då ausregn laurdag og regn og skodde søndag. Folk meldte seg av. 22.8 Knallvær, ca. 20 grader, sol og tørt å gå. Inn langs Lyngsvatnet, såg til Svartavatn og Klubbatjødnane. Gjekk mellom Klubbatjødnane rundt Eggene og såg til Åbødalen og Grønahola, nordsida av Svartavatnet, Åsestølen og til Lyngsvatnet. Var på tur kl. 10-17.30 som planlagt. Ca 6 timar gåtid.

Bratteli - Bakken – Songesand 26. august

Anne Kari turleiar, Nils Egil kjentmann. Båt frå Songesand til Bratteli kai. 27 stk på tur. Sol, ca. 20 grader. Tørt og fint å gå. Historieforteljing på Bratteli og Bakken. Tilbake til Songesand 19.40. Skumra i 21 tida. Nydeleg solnedgang over heia.

Ryfest 4. september – Kom deg ut dag

Ryfest blei gjennomført med redusert omfang, torg, matsal underhaldning mm. Turlaget hadde stand som vanleg.

Svanhild, Anne Kari, Astrid og Nils Egil var på standen heile dagen. Roleg i start og slutt, elles bra trøkk. Ca 1000 innom festivalen. Me selde pinnebrød, av ca. 4 kg mjøl. Kanskje 40 barn deltok på naturquiz med premiering. Fekk 10 forslag til turmål 2022.

Friluftsjazzkafe – Jøsneset søndag 5. september

I samarbeid med Jøsneset Bygdaråd. Kom-deg-ut-arrangement med utekonsert m/Vaspeland3, utekafè og naturquiz rundt «Nullen», premiering for barn. Ca 35 deltakarar.

Oksabåslia 19 september



Svanhild turleiar, Arne Kleppa kjentmann/forteljar. 14 deltakarar totalt. Historieforteljing undervegs og på husmannsplassen. Vått i myrar, trolsk med skodde. Ikkje utsikt frå Oksabåsjuvet, elles flott tur og godt lag. På tur kl. 10–13.30.

Jubileumstur/arrangement Vigatunet 28.9

Merking og opning av sti til kvernhus/tørke og gravhaug. Den Norske Epledagen, eplekake, frukthistorisk hage med sjølvplukk av frukt. Arrangør Ryfylkemuseet v/Nils Viga Hausken i Vigatunet og Turlaget. Svanhild, Nils Egil og Anne Kari frå turlaget. Nils Viga Hausken har rydda både sti og rundt bygg! Toradargruppa Knapp spelte. Sol og fint. Regn natta før gav god vassføring i Hauskjeåna. Totalt 40 stk.

Himraheia 3.10 – avlyst pga dårleg vær

Astrid var sett opp som turleiar og Kjell Tysdal som kjentmann. Avlyst pga dårleg vêrmelding, meldt sterk vind og regn, var mykje regn på førehand, vått og glatt. Oppsett på ny i 2022.

Julemarknad i Hjelmelandsvågen 27.11.

5 stk frå Turlaget deltok. Nils Egil kokte graut for sal. Me laga eplegløgg og pinnebrød, som blei servert på vegne av arrangør Hjelmeland Naturlegvis. Selde eplesaft for Buhagen og Ryfylkekalender for Strand fotoklubb. Hadde tippekonkurransse m/premiering
Mange fine lokale stands og fleire hundre deltakarar jf. arrangør. Fin vinterstemning.

Turar og arrangement er stort sett både omtala og dokumentert på Hjelmeland Turlag si Facebookside.